

Retningslinjer for tilskot til tiltak i beiteområde i Skjåk kommune

Føremålet med tilskotet er å leggje til rette for best mogleg utnytting av beite i utmark, redusere tap av dyr på utmarksbeite og fremme fellestiltak i beiteområda.

Retningslinjene er utarbeidd på grunnlag av "Forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder" og Rundskriv 2019-45 «Forvaltning av forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder» frå Landbruksdirektoratet.

Kven kan søkje?

Beitelag for småfe og storfe eller enkeltføretak som har rett til produksjonstilskot, og som driv næringsmessig beitedrift, kan få støtte til investeringstiltak og/eller planleggings- og tilretteleggingsprosjekt i beiteområder.

Søknadsprosess

Søknadsfrist er 1. juni. Søknad skjer elektronisk via Altinn med bankID. Vedtak blir gjort i gjeldande kommune. Kommunen vurderer kvar enkelt søknad og gjennomfører synfaring ved behov. Vedtak kan klagast inn til Fylkesmannen, jamfør forvaltningslova.

Link til søknadsskjema:

<https://www.altinn.no/skjemaoversikt/landbruksdirektoratet/tilskudd-til-tiltak-i-beiteomrader/>

Krav til søknad

For alle tiltak må det settast opp kostnadsoverslag og finansieringsplan. Kommunen vurderer kostnadsoverslaget og godkjenner. Tilskot bli i hovudsak rekna ut på grunnlag av godkjent kostnadsoverslag eksklusiv meirverdiavgift. Unntak frå dette er ordningar som har faste satsar samordna med lokale retningslinjer for SMIL-midlar. Det blir stilt krav om godkjende timelister for eige arbeid.

Satsar for tilskot og tilskotsprosent

Det kan ytast tilskot på inntil 35 % av godkjent kostnadsoverslag.

For berekning av kostnadsgrunnlaget tek kommunen utgangspunkt i rettleiande einingsprisar knytt til tilskotsutmåling for SMIL – tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket. Eigeninnsats/eigenkapital skal gå fram av søknaden.

Verdsetting av eigeninnsats er og samordna med gjeldande satsar i lokale retningslinjer for SMIL-midlar.

Eige arbeid	300 kr/t
Bruk av traktor	550 kr/t
Gravemaskin	750 kr/t

Arbeidsfrist

Vanleg arbeidsfrist er 3 år. Forlenging med inntil 2 år er mogleg etter skriftleg søknad til kommunen.

Utbetaling og krav til rekneskap

Utbetaling kan skje etter skrifteleg oppmoding til kommunen om utbetaling av tilskotet. Utbetalingsoppmodninga skal innehalde dokumentasjon på kostnader gått med. Kostnadane kan knytast til både eigeninnsats og faktiske kostnader. Dokumentasjonen skal vera sett opp slik at det er enkelt for sakshandsamar å gjennomgå informasjonen. Dette kan vera kopi av fakturaer eller stadfesta rekneskap frå revisor/godkjent rekneskapsfører.

Det kan utbetalast delutbetalningar av tilskotet lik tilsvarende del av tiltaket som er gjennomført. Delutbetalinga kan maksimalt utgjere 75 % av det totale tilskotet. For delutbetaling blir det stilt like krav til dokumentasjon på kostnader som ved ei sluttutbetaling.

Kommunen gjennomfører sluttsynfaring ved behov. Kommunen kan stille krav om billedokumentasjon der det er hensiktsmessig.

Ved bruk av fleire tilskotsordningar til same tiltak skal den totale tilskotsprosenten normalt ikkje overstige 50 %. Dersom det etter vedtak viser seg at den samla tilskotsprosenten til eit enkelt vedtak overstig 50 % vil tilsegn kunne avkortast.

Prioriteringar

Søknadar vil bli prioritert slik

- Søknadar frå beitelag før søknadar frå enkeltpersonar
- Fellestiltak før enkelttiltak

Prioritering av tiltak

1. Sanke- og samlekvær, sperregjerder, ferister, bruer, driftevegar og saltsteinsautomatar
2. Gjetarhytter og elektronisk overvakingsutstyr

Kva gjeld elektronisk overvakingsutstyr, blir brukarane oppmoda om å leige utstyr frå Oppland radiobjøllelag.